

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i vår kommune kan få ei redaksjonell omtale.

Frist for innsending av stoff vår 2018:

04.01, 01.02, 01.03, 03.04, 02.05.

Send tekst og bilde til:

postmottak@bykle.kommune.no

www.bygdekinoen.no

Hovden: Tirsdag 06.02

Kl. 17:30 - Coco (2D, Norsk tale (6 år)

Kl. 19:30 - Per Fugelli—siste resept (alle)

Hovden: Laurdag 17.02

Kl. 18:00 - Fifty Shades Freed (15 år)

Bykle: Onsdag 07.02

Kl. 18:00 - Coco (2D, Norsk tale (6 år)

Kl. 20:00 - Per Fugelli—siste resept (alle)

Bykle: Onsdag 21.02

Kl. 18:00 - Los Bantos (alle)

Kl. 20:00 - Norske byggeklosser (alle)



Fifty Shades Freed og «Ladies night»

Filmen visast på Hovden grendehus

laurdag 17.februar kl.18:00

Billetter kr.110,- på www.ebillett.no

eller i resepsjonen på Hovden grendehus

Etter filmen serverer Stomp & Vatn

tapastallerken til kr.249,-

Bestill bord på tel. 40 14 69 11 eller

e-post: post@stompogvatn.no

«Ladies Night» utover kvelden, med godt

drikk og god musikk

Arr.: Kultur & fritid /Stomp & Vatn



helsenorge.no -resept- og timebestilling

Legetenesta oppmodar til å bestille reseptar

og timer via www.helsenorge.no. Dette er

kostnadsfritt, og kan gjerast heile døgnet.

Legekontoret svarar fortløpande. Bestillingar

i samband med øyeblikkeleg hjelp skal **ikkje**

rettast gjennom nettstaden.



Fjellgardane barnehage inviterer

Barnehagedagen arrangerast **tydsdag**

13. mars. Tema er barnehagens

arbeid med kunst, kultur og kreativitet

under slagordet: «La meg skape!»

Fjellgardane barnehage inviterer i

denne samanheng til utstilling om

berekraftig utvikling i **grendehuset kl. 10.00** . Enkel servering.

Utstillinga vil stå framme på grendehuset fram til påskeferien.

Arrangør: Fjellgardane barnehage



Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no /www.bykle.kyrkja.no

Fjellgardane kyrkje - Sundag 11. februar kl. 16.00

Karnevalsgudsteneste – Barnekoret og sundagsskulen deltek.

Fjellgardane kyrkje - Sundag 18. februar kl. 10.00.

Gudsteneste ved sokneprest Tom Martin Berntsen.

Bykle kyrkje - Sundag 11.mars kl 10.00

Gudsteneste men Tom Martin Berntsen. Årsmøte for Bykle

Sokn etter gudstenesten, med foredrag om kyrkjelyden sitt

misjonsprosjekt i Kairo, festleg kyrkjekaffi, ingen val.

Fjellgardane kyrkje - 18.mars kl. 10.30

Påskevandring med sundagsskulen og speidarane, bål, grilling

og natursti.

Bykle helseheim

Torsdag 15. februar kl.12.30 Andakt ved sokneprest Tom

Martin Berntsen.

Møte i kyrkjekjellaren

Bykle kyrkje, **tydsdag 6. og onsdag 7. mars kl 19.30.**

Gunhild Aabel frå Normisjon blir med.

Arr: Normisjon

Sundagsskule

Sundagsskuledagane før påske vert **11.februar, 4.mars og**

18.mars kl. 10:30-12:00. 18. mars vert det påskevandring

med bål,grilling og natursti for heile familien.

Helsing Else Gyro og Ragnhild

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje våren 2018

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

Tysdag 13. februar: Chilensk mat

Tysdag 13. mars

Tysdag 17. april

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,-/born gratis. Velkomen!

Arr.: Soknediakonen

Barnetru for vaksenliv.

Kva vil det seie å ha ei barnetru i vaksen alder? Det blir tema-

kveldar om dette ved sokneprest Tom Martin Berntsen tors-

dag **15.februar og torsdag 22. mars kl 19.00** i kyrkjekjellaren.

Kaffi og samtale. **Arr: Bykle sokneråd**

Klippen Bykle

Laurdag **17.februar kl.12.00** kjem Hallvard Hasseløy til Bykle.

Han vil fortelje om hjelpearbeidet i Ukraina der Open Heart gir

mat og klede til dei fattigaste.

Fram til klokka 09.00 denne dagen kan du levere klede og

liknande på Klippen.

For levering ta kontakt med Sigrid Bjørgum. 958 07 743.



Følg Bykle kommune på
facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Februar 2018 | 29. ÅRGANG | OPPLAG 850

Løypekøyring

Skisesongen er godt i gang og mannskapet i Hovden løype-

køyring jobbar hardt for at langrennsløypene til ei kvar tid skal

vere så gode som mogleg. Hovden løypekøyring preparer

løyper utifrå politisk vedteken prioriteringsliste. Denne

prioriteringslista ligg tilgjengeleg på: www.bykle.kommune.no

Ønsker du oppdatert informasjon om dei ulike løypene så finn

du dette på: www.skisporet.no eller på www.hovden.com



Dersom du har spørsmål om løypekøyring eller har forslag til

endringar, så kan du kontakte Jostein Rysstad, Bykle kommune

på tlf. 924 92 091 eller jostein.rysstad@bykle.kommune.no

Bli med på Støyledalslåmi!

Turrennet går **laurdag 24. februar.** Start og mål i

ljosløypa i Bykle. Trim, familie og mosjonsklasse.

Start frå kl. 10.30.

Påmelding til Olav Mandt T: 901 73 940 innan 22. februar.

Rennkontor: Bykle samfunnshus.

Flotte gåvepremiar. Sal av suppe og pølse i samfunnshuset.

Arr: Bykle IL



Gratis HPV-vaksine

Alle kvinner som er fødte i

1991 og seinare, har frå

hausten 2016 fått tilbod om

gratis vaksine mot humant

papillomavirus (HPV-vaksine)

gjennom eit toårig

vaksinasjonsprogram.

Vaksinen er tilrådd til unge kvinner for å førebyggje

livmorhalskreft og forstadium til livmorhalskreft forårsaka av

HPV-infeksjon. Vaksinasjonen består av tre vaksinedosar gitt

over 6-12 månader og må derfor startast opp innan utgangen

av 2018.

Bestilling av vaksine: Ring Bykle legekontor 37 93 86 70 eller

helsesøster Ingrid Bjønnes 948 13 245



Tore Thomassen til kulturkafeen

Tore Thomassen kjem til kulturkafe **onsdag 28. februar**

kl. 18.00, og dagsenteret torsdag 1. mars kl. 11.00. Han

syng eigne songar med ei fin blanding av alvor og skjemt,

og vender seg like gjerne til barn og ungdom som til

vaksne og eldre. Før konserten kan du kjøpe deg flesk og

duppe og deretter kaffi/te og eit kakestykke.

Arrangør: Kultur & fritid.

Ekstraordinær bandtvang

Grunna ekstraordinære forhold for viltet med mykje snø,

innførast ekstraordinær bandtvang i heile Bykle kommune.

Dette inneber at hundar skal haldast i band eller forsvarleg

inngjerda eller innestengt, slik at dei ikkje kan jage eller skade

vilt.

Forskrifta gjeld for Bykle kommune i Aust-Agder. Reglane gjeld

ikkje for forhold nemnd i hundelova § 9, av dette blant anna

hund i aktiv politi-, toll- eller redningsteneste. Brot på føre-

segnene av denne forskrift kan straffast etter hundelovas

reglar.

Forskrifta trer i kraft frå 30. januar 2018 og gjeld til 1. april

2018 då den ordinære bandtvangen finn stad. Kommunen kan,

dersom forholda tilseier det, oppheve forskrifta med direkte

verknad.

Forskrift om ekstraordinær bandtvang for hund i 2018, Bykle

kommune, Aust-Agder:

<https://lovdata.no/dokument/JB/forskrift/2018-01-30-111>

Årsmøte Folkeakademiet i Bykle

Folkeakademiet i Bykle har

årsmøte på Hovdestøylen

mandag 12. mars kl. 18.

Matservering. Saker til årsmøtet må være

styreleder Randi Steinholt i hende senest 26. februar.

Vi ønsker nye og gamle medlemmer velkommen!



Vasstilvenningskurs for barn.

Startar **måndag 26. feb. kl. 17.00 – 17.45** i bassenget i Bykle

samfunnshus. Inntil 10 mandagar framover. Kursavgift 500 kr

pr familie. Instruktør: Siri Skog. Påmelding og informasjon:

kulturrådgjevar Leif Kvinlog tlf 909 84 833.

Arrangør: Kultur & fritid.

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 13.02. kl. 18:00

Formannskapet: 06.02. kl. 18:00

Kommunestyret: 01.03. kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Tømekalender

Rest- og matavfall: 14. februar

Matavfall, glas/metall, papir og plast: 28. februar

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun

Ring 37885588 for timeavtale.

10.02.2018: Vamp

27.03.2018: Ingebjørg Bratland m/band

Billetter på [eBillett](#). Begge konsertane er på Hovden grendehus.

Arr: Kultur & Fritid



Out of space – Sannes og Ødegaards astroshow

Knut Jørgen Røed Ødegaard og Anne Mette Sannes byr på eit multi-medieshow med spektakulære bilete, filmar, animasjonar og lydeffektar som avslørar korleis framtida ser ut for oss jordbuarar.

15. mars på Hovden grendehus. Tidspunkt vert annonsert seinare.

Arr: Kultur & Fritid



UKM (UNG KULTUR MØTAST) ARRANGERER GRATIS KURS FOR ALLE UNGE ARRANGØRAR I BYGLAND, VALLE OG BYKLE!

Å vere arrangør vil seie at du er med på å planleggje, setje i stand til og gjennomføre eit arrangement.

Vi treng deg for at ungdomsarrangementa i Setesdal skal bli best mogelege!

Dette kurset vil du ha nytte av anten du skal vere med å arrangere noko i regi av ungdomsklubben, UKM, eit lag eller ein organisasjon du er med i, eller privat.

Onsdag 14.februar i Storstoga kl 17-2130 (samtidig med ungdomsklubben), for ungdom i alderen 13-20 år.

Kurshaldar: Tom Andreas Kristensen frå UKM/Samsen kulturhus.

Påmelding til ungdomsarbeidar Eliezer i Valle, tlf. 954 85 250, eller på fb-arrangementet «Arrangørkurs i Valle». Der finn du også program for kurset og meir info om innhald. **Påmeldingsfrist: 9. februar**

UKM
BYKLE, VALLE OG BYGLAND UKM
LAURDAG 3.MARS KL. 17
BYKLE SAMFUNNSHUS
**MELD DEG PÅ
VIS KVA DU KAN**
UKM.NO
Påmelding: www.ukm.no
klikk på «Finn nærmeste
UKM» og finn di
mønstring.
Kontaktperson:
Atle Pakusch Gundersen,
Bykle kulturskule
Arr. Bykle og Valle Kultur og fritid

Escape Room på Hovden!

Eit «Escape Room» er eit spesialbygd rom fylt med gåter, hint og oppgåver. Aktiviteten har blitt svært populær over heile Europa – og nå står Hovden for tur.

«Vi opnar 10. februar og kjem til å ha ope helger og feriedagar i vintersesongen, men det vil og være mulig å booke seg inn resten av året», fortel Trond Skisland i Teamquest. «Responen så langt har vere god og vi trur at dette blir eit populært innslag i aktivitetstilbodet på Hovden. Escape Room er ein spennande aktivitet der ein må samarbeide for å lykkast – og som passer for heile familien frå 10 år og oppover», avsluttar Skisland. Interesserte kan gå inn på heimesida for meir informasjon: www.teamquest.no



Årsmøte Bykle KrF

Tid: Måndag 26.02, klokka 19.00

Stad: Hovden grendehus, på hemsan

Mvh styret

Årsmøte Hovden og Bykle hundeklubb

Tid: Tysdag 13.03.18 kl. 19.00

Stad: Hovden grendehus

Innkome forslag må vere styret i hende innan

2 veker før årsmøtet, seinast 27.februar.

Enkel servering. Vel møtt! Helsing styret



Kulturmidlar, kulturpris og stipend

Informasjon om kulturmidlar, kulturpris og utviklingsstipend finn du på kommunen si nettside under «Kultur og fritid» og vidare under fana «Tilskotsordningar kultur».

Kulturmidlar 2018. Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar kan søkje Bykle kommune om kulturmidlar. Retningslinjer og søknadsskjema finn du på kommunen si nettside. Søknadsfristen 1. april.

Kulturprisen 2018. Har du nokon gong tenkt at han eller ho eller eit bestemt lag burde få Bykle kommune sin kulturpris? Einskildpersonar og lag kan kome med framlegg. Frist for å foreslå kandidatar er 1. mars.

Bykle kommune sitt utviklingsstipend. Bykle kommune v/ formannskapet kan kvart år dele ut utviklingsstipend til utøvarar på høgt regionalt/nasjonalt nivå innan ulike kultur-område. Normalt gjeld dette personar i alderen 16 – 21 år. Ein kan søkje sjølv, eller det laget ein høyrer til kan fremje forslag. Søknadsfrist 1. mars.

Treng du meir informasjon kontaktar du:

Informasjonen, tlf. 37 93 85 00

eller kulturrådgjevar Leif Kvinlog, tlf 909 84 833.

Boksirke

Onsdag 7/3 kl. 19 på biblioteket på Hovden.

Denne månaden les vi boka *Uten vesentlige feil eller mangler* av Linda Skomakerstuen.

En feelgood-krim frå Risør. © Heng deg gjerne på!

Arrangør: Biblioteket



Rideklubben med mål om ny hall/stall i 2018!

Sidan våren 2016 har Bykle og Hovden Rideklubb jobba med eit prosjekt for å få bygd ridehall/fleirbrukshall i Rørvikåsen på Hovden. Prosjektet har no kome så langt at dei har satt som mål at hallen skal stå ferdig hausten 2018, men for å lykkast med det er dei avhengig av finansiering. I denne samanheng vert det mellom anna lyst ut leige av lager-plassar og stallplassar, og ikkje minst vert det satsa på såkalla «crowdfunding». På norsk kan ein best nytte omgrepa «folkefinansiering» eller «kronerulling». Tanken bak er i alle fall at «folket» kan bidrege til realisering av prosjektet gjennom å gi pengar på nettstaden www.bidra.no

Dersom du ønskjer å leige lagerplass, stallplass eller har spørsmål om «kronerullinga» så kan du kontakte fylgjande:

Leige av lagerplass: Eldri Haugenes, T. 908 38 171 / eldri76@gmail.com

Leige av stallplass: Yvonne Benjamin Hall, T. 482 36 175 / yvonnebhall@hotmail.com

Kronerulling el. anna: Unn Hovden, T: 915 60 215 / unnhovden@gmail.com

Hovden aktivitetspark - åpent møte

Prosjektgruppa inviterer til åpent møte **12. februar kl. 18:00** på Grendehuset.

Forslag til utbygging av idrettsplassen vil bli presentert med informasjon om den vidare prosessen.

Vel møtt!!

Arrangør: Prosjektgruppa Hovden aktivitetspark



Nytt liv i Bykle og Valle kunstlag?

Velkomen til møte i kinosalen i

Bykle samfunnshus **torsdag 15. feb. kl. 18.00**

Alle interesserte vert oppmoda om å møte! Målet er å avklare om ein startar opp laget igjen eller ikkje.

Informasjon frå aktivtør:

22. februar kl. 11.30: kafetreff på Bykle Hotell

1. mars kl. 11.00: Tore Thommasen konsert i gamlestoga på Bykle Helsesenter.

22. mars kl 11.00 - 14.00: Evelyns Magasin frå Seljord sel kler på Bykle Hotell

Hovden Vintergolf lørdag 10. mars

Hovden Vintergolf spilles som en par-turnering over 2 x 9 hull på området ved Hovden Fjellstoge.

Program:

kl. 10:00 Start Vintergolf 2018.

kl. 15:00 Aftergolf på Hovden Fjellstoge

kl. 15.30 Grillbuffé med påfølgende premieutdeling.



Kontakt Tom Kvinlog (91590867) eller tom@kvinlog.net for påmelding, helst innen 6. mars.

Velkommen til en morsom og annerledes golfturnering!

